



**ALVER**  
KOMMUNE

# Planprogram

Kommunedelplan oppvekst 2021-32





1. Bakgrunn for planarbeidet
2. Føremål
3. Føringer for planarbeidet
4. Mål
5. Tema og avgrensing av innhald
6. Planprosess og medverknad
7. Framdrift

## **1. Bakgrunn for planarbeidet**

Frå 1.1.2020 vart kommunane Lindås, Meland og Radøy sett saman til Alver kommune. I samband med dette vart det utarbeidd planstrategi for den nye kommunen gjeldande fram til og med 2023. I strategien er behovet for nye overordna planar høgt prioritert. Det gjeld først og fremst kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel, men også delplanar for oppvekst og helse/omsorg er særleg nemnd.

Med bakgrunn i utfordringsdokumentet og strategidokumentet vert det sett i gang planprosjekt for kommunedelplan oppvekst i Alver kommune. For å ivareta omsynet til samordning i overordna planlegging er prosessansvaret lagt til Plan og Analyse, medan fagansvaret for planlegginga er sektoren sitt eige ansvar. Det er behov for å sjå fagområda innafør sektoren samla, sånn at tiltak kan definerast og prioriterast i eit tverrfagleg perspektiv. Oppvekstområdet femner om skular, barnehagar, PPT, barnevern og helsestasjonen inkludert jordmortenesta.

## **2. Føremål**

Kommunedelplan for oppvekst er eit politisk dokument og styringsverktøy for å oppnå målsetjingane for sektoren. Planen er eit verktøy både for dagleg og langsiktig arbeid og skal brukast i saker som vedkjem sektoren.

I denne planprosessen skal det utarbeidast ein kommunedelplan (kvalitetsplan) for oppvekst, som synleggjer behova og dei prioriterte tiltaka i planperioden.

Planarbeidet skal sikrast gjennom god forankring og medverknad både frå innbyggjarar, aktørar som deltek i sektoren til dagleg, tilsette og interesseorganisasjonar.



### 3. Føringer for planarbeidet

Planarbeidet vil ta utgangspunkt i utfordringsnotat til kommuneplanarbeidet samt planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel, og sjå dette i samanheng med statlege føringar knytt til feltet. Dette kan vera lov om barnehagar, lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa, lov om barneverntenester, lov om kommunale helse- og omsorgstenester, lov om vern mot smittsame sjukdomar, lov om planlegging og byggesaksbehandling samt anna relevant lovverk.

### 4. Mål

Målet er å redusere sosial ulikskap blant barn og ungdom sånn at alle får ein god start i livet med gode livssjansar. Dette inneber å sikra like moglegheiter til kognitiv, språkleg, personleg, sosial og helsemessig utvikling og vekst.

FN-sine berekraftsmål skal ligga til grunn for målsettingane med oppvekstplanen for Alver. Dei mest aktuelle berekraftsmål for Alver kan vera :

- mål 3: «god helse»
- mål 4: «god utdanning»
- mål 10: «mindre ulikhet»

Forslag til tema/målsettingar/satsingsområde innan oppvekst og utdanning :

- Inkluderande fellesskap
- Tidleg innsats
- Læring, livsmeistring og utvikling
- Tverrfagleg samarbeid
- Fattigdom i barnefamiljar
- Digitalisering av sektoren
- Helsefremjande oppvekst

Satsingsområda og koplinga til FN sine berekraftsmål vil kunne justerast i samband med utforming av planforslag.

Satsingsområda skal tilknyttast mål, strategiar og tiltak. Til dette vil fagverket «Framsikt» verta nytta. Gjennom det vil ei tettare kopling til økonomiplanlegginga sikrast.



## 5. Tema og avgrensing av innhald

Planen skal gjennom prosessen ta utgangspunkt i prioriteringar i overordna planstrategi for kommunen, inn mot samfunnsdelen i kommuneplanen. Planen skal ha fokus på det faglege innhaldet i tenestetilbod innafor oppvekst, og vil ikkje omhandle byggtekniske kvalitetar. Prioriteringar inn mot bygg må vurderast i samband med prosess knytt til økonomiplan.

Planarbeidet vil ikkje omhandle vurderingar og prioriteringar knytt til skulestruktur, utbygging av barnehage og skule eller organisering.

## 6. Planprosess og medverknad

Organisering

Prosjekteigar:	Kristin Nåmdal
Prosjektleiarar:	Prosess Rolf Raknes/ fag Kristin Moe (evt. rådgjevar)
Prosjektgruppe:	Rolf Raknes, Kristin Moe, HTV, Barnehage, Skule, PPT, Barnevern, Helsestasjon, foreldrerepresentant, kommunelege
Administrativ styringsgruppe:	Rådmann, ass rådmann + kommunalsjef for samfunnsutvikling
Politisk styringsgruppe:	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur
Referansegrupper:	Tenesteområda- tilsette barn og unge, føresette Rådsorgan – ungdomsråd, foreldreutval barnehage, foreldreutval og elevråd skule, kommunalt foreldreutval, Samarbeidspartar/andre einingar – Politi, NAV, BUP, VGS, Psykisk helse og rus, kommunepsykolog, private barnehagar.

Medverknad:

I prosessen legg ein opp til stor grad av medverknad og samskaping . Medverknaden skal koordinerast med prosessen for ny samfunnsdel og kommunedelplan for helse og sosial. Medverknaden er nærare skildra i eige dokument for felles medverknad. (vedlegg)



Rådsorgana i barnehage og skule skal sikrast informasjon og ha høve til å kome med innspel undervegs i prosessen. Det same gjeld dei tillitsvalde og verneombod i tenestene.

Aktørrar innafor oppvekstsektoren skal sikrast informasjon og ha høve til å kome med innspel undervegs.

Deltakarane i prosjektgruppa må bruke referansegruppene aktivt.

---

## Høyring

Høyringsdokument vert sendt ut til alle avdelingane under oppvekst, lagt ut på heimesida til kommunen samt i innbyggjarsøvis sine lokale. I tillegg vert planarbeidet kunngjort i lokalavisene i regionen. Høyringsperioden vert sett til minimum 6 veker, i samsvar med prosessreglane plan og bygningslova §§ 11-4 og 11-5.

.....



## 7. Framdrift

Førebels framdriftsplan er lagt opp slik i kommunen sin prosjektportal:

Laga framlegg til planprogram	...	23. mars	31. juli
Skrive saksframlegg for offentlig høyring planprogram	...	mandag	6 dager fra nå
Leggje planprogram ut til offentlig høyring og ettersyn	...	3. september	16. oktober
Vurdera merknader til planprogram	...	19. oktober	23. oktober
Skriva saksframlegg for godkjenning av endeleg planprogram	...	26. oktober	30. oktober
Utarbeida framlegg til plan	...	2. november	4. januar 2021
Skriva saksframlegg om offentlig høyring for framlegg til plan	...	18. januar 2021	25. januar 2021
Leggje planframlegg ut til offentlig høyring og ettersyn	...	1. februar 2021	15. mars 2021
Vurdera merknader til planframlegg	...	15. mars 2021	29. mars 2021
Skriva saksframlegg for endeleg godkjenning av plan	...	3. mai 2021	31. mai 2021
Kunngjering av endeleg godkjent plan	...	14. juni 2021	18. juni 2021

Framdrifta er avhengig av samordna medverknad i kommuneplanarbeidet. Målsettinga er at det skal gjennomførast felles medverknad for kommuneplanen sin samfunnsdel og kommunedelplan oppvekst / helse. Grunna pandemien som har råka samfunnet vårt våren 2020 er medverknaden i første omgang utsett til hausten 2020. På bakgrunn av dette er det grunn til å tru at planprosessen kan verte forlenga.